



Leigetakar:

Adresse:

Tlf:

E-post:

Dato og tidspunkt for leige:

Leigetakar må vera merksam på at lokalet kan vere opptatt dagen før eigen leigedato.

Pris: kr

Eg vil leiga:

- Kafeen
- Sekkelageret

Forventa personar til stades på arrangementet:

Leigetakar skal utvisa vanleg aktsemd ved bruken av lokalet. Leigetakar er ansvarleg for alle skader som skuldast leigetakar sin bruk av lokalet. Nøkkelkort kan hentas på Innbyggarservice i rådhuset. Opningstid er mån-fre 09.00 – 15.00

Som leigetakar av Bryne mølle er du ansvarleg arrangør for ditt arrangement.

Arrangør er ansvarleg for :

- å ha ein oversikt over kven som er til stades for å kunna bistå kommunen ved ei eventuell seinare smittesporing. Dersom det for å finna tilbake til deltakarane er nødvendig å laga ei liste med eigen oversikt over dei som er tilstades, skal kontaktopplysningane slettast etter 10 dagar
- å leggja til rette for at deltakarane held minst ein meter avstand frå kvarandre under heile arrangementet. Dette gjeld alle typar arrangement
- å følgja relevant standard om smittevern
- å sørnga for å gje beskjed om at sjuke ikkje skal delta på arrangementet

Time kommune
Innbyggarservice
Tlf 51 77 60 00

service@time.kommune.no

Eg er kjent med leigereglane i
Bryne Mølle

Underskrift leigetakar:

Leigereglar

Aldersgrense

Det er 30 års aldersgrense for å få leiga Bryne Mølle.

Skjenkeløyve

Ved sal/skjenking av alkohol må leigetakar [søkja om ambulerande skjenkeløyve](#). Tysdag, onsdag, torsdag og fredag er det ikkje mogleg å nytta alkohol.

Publikumskapasitet og branninstruks

Det er to lokale i Bryne Mølle, Sekkelageret og kafeen. Kapasitet ut frå brannteknisk rapport er:

- 120 personar ved bordoppsett i Sekkelageret
- 80 personar ved bordoppsett i kafeen
- Det kan maks vera 400 personar + vakter og artistar til saman i desse to lokala ved samtidig bruk. Lokala må då vera umøblert

Alle rømmingsvegar må vere frie. Møbleringa må ikkje stenga for nødutgangane.

Ansvarleg leigetakar skal gjera seg kjend med branninstruks og kor i bygget brannsløkkingsutstyr og rømmingsvegar er. Teikningar over rømmingsvegane og branninstruks heng ved brannsentralen som heng til venstre når du kjem inn hovudinngangen.

Rydding, vasking og søppelhandtering

- Leigetakar er ansvarleg for rydding og vasking, utanom vask av golv og toalett som er inkludert i prisen. Merk at golvet skal moppast der det har vore sølt. Utstyr til dette finn du i gangen ved kjøkkenet. Dersom det er oppkast, avføring eller blodsøl skal leigetakar vaska vekk dette. Uteområdet skal også ryddast for søppel, sigarettavfall og liknande
- Bord og stolar i Sekkelageret skal vere reine når dei vert lagt i saman på bordtralla og stolar skal stablast inntil veggen
- Leigetakar tek med seg alt som er tatt med til Bryne Mølle, også tomgods og panteflasker
- Alt utstyr som har vorte nytta skal vaskast og setjast på plass, også kaffikolbane. Følg vaskeinstruks ved oppvaskmaskina
- Leigetakar skal gjera reint stolar og bord, kjøkkenbenk, og det som er blitt brukt på kjøkkenet
- Bord og stolar skal setjast på plass. I Sekkelageret stablast dei inntil langveggen. I kafeen skal dei plasserast slik teikninga ved kjøkkenbenken viser
- Sløkkja alle lys. Hugs lysbrytarane i kjellaren: ein ved trappa ned frå kafeen og ein ved herretoalettet
- Sjå til at ingen støpsel står i, for eksempel i kaffitraktar
- Søppelet skal kastast i stor, svart søppeldunk på utsida av inngangsdøra til Sekkelageret

Tider

- Leigetakar må vera ute av lokala før kl 03.00. Då skal lokala vere ferdig rydda. Alt utstyr som leigetakar har tatt med skal tas ut same kvelden. Dersom leigetakar ikkje er ute av lokala og alarm vert løyst ut vert rekning for utrykking sendt leigetakar

- Laurdagar kl 12.00 -16.00 og sundagar kl 13.00 – 17.00 er det ope i galleria i 2. og 3. etasje, publikum vil nytta inngangen til kafeen for koma opp til utstillingane

Avbestilling

- Om lokalet vert avbestilt mindre enn 14 dagar før leigedato vert leigetakar belasta med leigesummen

Erstatning

- Øydelagt inventar og utstyr kan føra til erstatningskrav.
- Dersom leigetakar ikkje er ute av lokala og alarm vert løyst ut vert rekning for utrykking sendt leigetakar
- Dersom leigereglane ikkje vert haldne kan kommunen leige inn private reingjeringsbyrå på leigetakar si rekning

Utstyrliste

Kjøkkenet:

Komfyr

Varmeskap

Oppvaskmaskin

Kaffitraktar

1 stk kjøleskap

150 tallerkenar (28 cm)

150 tallerkenar (22 cm)

150 suppeskåler

150 krus

150 vinglas

150 vassglas

4 stk glasskåler

150 av kvar, gaffel, kniv, suppeskei,

kaffiskei

1 stk brødkniv

3 stk øser

2 stk sakser

Skjerefjøl

8 glasmugger

8 kakespadar

9 par salt /peparbørse

8 kakefat

5 tv-kanner á 1,9 l

Kafeen:

15 stk småbord (90x90 cm)

150 stk stolar (til saman i kafeen og Sekkelageret)

Sekkelageret:

22 stk konferansebord (80x120 cm) 150 stolar (til saman i kafeen og Sekkelageret)

Lydutstyr:

I sekkelageret er det lydanlegg som du kan koplá deg til med iphone eller liknande.

Mikrofon med ledning og stativ kan du låna frå Innbyggarservice i rådhuset.

Internett:

Det er trådláust internett i heile bygget

Projektor/skjerm:

Det er ikkje projektor eller skjerm i Bryne mølle

Utleigeprisa r

Utleigeprisar til lag og foreiningar i Time, Klepp, Hå og Gjesdal

Måndag, tysdag, onsdag, torsdag og sundag	Pris
Kafeen eller Sekkelageret før kl. 17	800 kr
Kafeen eller Sekkelageret heile dagen/kveld	1300 kr
Kafeen + Sekkelageret før kl. 17	1000 kr
Kafeen + Sekkelageret heile dagen/kveld	1700 kr
Fredag og laurdag	
Kafeen eller Sekkelageret før kl. 17	800 kr
Kafeen eller Sekkelageret heile dagen/kveld	1800 kr
Kafeen + Sekkelageret før kl. 17	1300 kr
Kafeen + Sekkelageret heile dagen/kveld	2400 kr

Sekkelageret og kafeen kan leigast til øvingslokale.

Ta kontakt med ase.skrudland@time.kommune for avtale.

Utleigeprisar til andre

Måndag, tysdag, onsdag torsdag + sundag	Pris
Kafeen eller Sekkelageret før kl. 17	2200 kr
Kafeen eller Sekkelageret heile dagen/kveld	3200 kr
Kafeen + Sekkelageret før kl. 17	2600 kr
Kafeen + Sekkelageret heile dagen/kveld	3600 kr
Fredag og laurdag	
Kafeen eller Sekkelageret før kl. 17	2200 kr
Kafeen eller Sekkelageret heile dagen/kveld	4200 kr
Kafeen + Sekkelageret før kl. 17	2600 kr
Kafeen + Sekkelageret heile dagen/kveld	5200 kr

I forbindelse med bryllaup og konfirmasjon kan lokala (Sekkelageret og kafeen) leigast frå kl 17.00 dagen før til ein pris på kr 1500,-, for begge lokala.